



Hardangerrådet iks



**RÅDSMEDLEMMENE OG LEIAR I RÅDMANNSFORUM**

**INNKALLING TIL RÅDSMØTE**

**Dato: Mandag 07.03.2016**

**Klokka 09:00 – 11:00**

**Stad: Telefonmøte**

**Ekstraordinært møte utanom møteplanen.**

**Saker til Handsaming:**

**HR-sak 8/16          Prioritering av søknader til Skjønsmidlar frå Fylkesmannen  
i Hordaland i Hardangerrådet sine eigarkommunar.**

**Kinsarvik 04.03.2016.**

**Jon Larsgard/s  
Rådsordførar**

**Jostein Eitheim  
Dagleg leiar**

## Saksutgreiing til Møte i Hardangerrådet iks Regionrådet 07.03.2016

### HR-sak 8/16 Prioritering av søknader til Skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland i Hardangerrådet sine eigarkommunar.

Vedlagte oversikt syner at det vert sendt 12 søknader om Skjønsmidlar 2016 til Fylkesmannen i Hordaland. Med bakgrunn i dei prioriterte områda i brevet frå Fylkesmannen så meiner eg alle prosjekta er innanfor.

Det vert søkt om tilsaman **3.990.000 kr.** Det er nyttig her å registrera at kommunane er proaktive for å få fram utviklingsprosjekt. Søknader som ikkje nådde opp i tidlegare tildelingar vert sendt på nytt og det betyr på at prosjektet er viktig.

#### Oversikt:

Prosjekt	Deltakarar	Søknad kommune	Søknadsum (50 % av kostnad)	Intern prioritering	Vedtak om prioritering
A. Planarkiv og Digitalisering	Odda Jondal Ullensvang Granvin	Granvin	475.000 kr		
B. Informasjonsavis kommunesamanslåing	Ullensvang Ulvik Eidfjord Granvin	Granvin	55.000 kr		
C. Utgreiing av felles ungdomsskule for Eidfjord, Ulvik og Granvin	Eidfjord Ulvik Granvin	Granvin	200.000 kr		
D. Moglegheitsstudie - Øystese	Kvam	Kvam	300.000 kr		
E. «Prosjekt framtidsetta og gode helse- og omsorgstenester i Kvam»	Kvam	Kvam	460.000 kr		
F. Kvardagsrehabilitering	Odda	Odda	400.000 kr		
G. Lyssetting Smelteversktomta	Odda	Odda	500.000 kr		
H. Synleggjering av Odda Smelteverk i media	Odda	Odda	200.000 kr		
I. Helselederutdanning	Odda Ullensvang	Odda	400.000 kr		
J. Digital egenomsorg	Odda	Odda	200.000 kr		
K. Industrisymposium og industriell identitet	Odda	Odda	800.000 kr		
L. Prosjektkoordinator Einslege mindreårige flyktningar	Eidfjord Granvin Jondal Kvam Odda Ullensvang Ulvik	Ullensvang	000.000 kr		

**Vurdering:**

Eg har ikkje vurdert innhaldet i søknadane. Sett frå mi side som regionalpolitisk koordinator så prioriterer eg fellesprosjekt først og deretter kommuneprojekt. Denne gongen er derfor Prosjekt A Planarkiv og digitalisering første prioritet. Deretter er Prosjekt L Prosjektkoordinator. Einslege mindreårige flyktningar prioritert.

Vidare føreslår eg å prioritera søknader som fell innanfor dei prioriterte fagområde som vert nemde i brevet frå Fylkesmannen.

Fordeling av prosjekt mellom kommunane er godt for prosjektkulturen i regionen. Eg meiner også at det er ein god strategi for å nå fram til mest mogeleg midlar til Hardanger. Derfor tenkjer eg at ein søknad frå kvar kommune i prioritert rekkefølge. Eg forhold meg til dei interne kommunale prioriteringa dersom det er gjort.

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet har i møte 07.03.2016 gjort slik prioritering mellom dei framlade søknader om skjønsmidlar frå Fylkesmannen.

1. *A.Planarkiv og Digitalisering*
2. *L.Prosjektkoordinator Einslege mindreårige flyktningar*
3. *B.Informasjonsavis kommunesamanslåing*
4. *C.Utgreiing av felles ungdomskule for Eidfjord, Ulvik og Granvin*
5. *I.Helselederutdanning*
6. *D.Moglegheitsstudie - Øystese*
7. *F.Kvardagsrehabilitering*
8. *E.Prosjekt framtidsetta og gode helse- og omsorgstenester i Kvam*
9. *K.Digital egenomsorg*
10. *G.Lyssetting Smelteversktomta*
11. *H.Synleggjering av Odda Smelteverk i media*
12. *J.Industrisymposium og industriell identitet.*